



Gripen Gard Helene Olli Sollid
Gripavegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1912 - 18/19812

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

18.09.2018

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt restaurering av eldhus Gbnr. 35/2 Gripen

Administrativt vedtak. Saknr: 244/2018

Saksutgreiing:

Gripen gard v/ Helene Olli Sollid søker i e-post datert 05.08.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjere ferdig SMIL-tiltak. Tiltaket gjeld restaurering av eldhus på Gbnr. 35/2 i Gripen i administrativt vedtak saknr. 264/2015. Arbeidsfristen går ut 01.10.2018. Fylkesmannen sin ref. 15/011540.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, og det er gjort mykje arbeid i prosjektet. Søklar opplyser at dei truleg vert ferdig i 2018, men at det er mogleg dei ikkje rekk fristen. Arbeidet har teke litt lenger tid enn planlagt. Vidare fekk bygget skadar som følgje av ein brann og sløkkingsarbeidet våren 2018. Dette medførte meir arbeid da skadane måtte reparerast, samt at nokre restaureringsarbeid måtte gjerast om igjen. Det er difor trong for å utvida fristen. Det er høve til å forlenga fristen med 2 år for å gjennomføre prosjektet.

Kommunen vurderer at grunnane som ligg bak at arbeidet ikkje blir avslutta innan fristen, må akseptarast. Restaurering av bygg er ein krevjande prosess som ofte kan vere vanskeleg å estimera tidsmessig. Vidare legg administrasjonen til grunn at det har oppstått meir arbeid som følgje av brannen. Administrasjonen vil samstundes understreke at arbeidet er godt i gang og at det er lagt ned mykje godt arbeid i prosjektet. Det er difor viktig at prosjektet vert slutført og tiltaket ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknad om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

Vedtak

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune gjev med dette Gripen gard v/ Helene Olli Sollid utvida frist til 01.10.2020 med å gjennomføra siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr. 264/2015. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring og ferdigstilling. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 264/2015.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5. »

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------

Mottakere:

Gripen Gard Helene Olli Sollid	Gripavegen 86	5918	FREKHAUG
--------------------------------	---------------	------	----------